



Det Kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement
Postboks 8112 Dep
Akersgt. 59

0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2016000524-6 Saksh: Harald Jordal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2016020323 Telefon: 53 65 40 23 011 16.12.2016

Endring i valforskrifta

Eg viser til motteke rundskriv av 06.12.16 om høyring om forslag til endringar i valforskrifta med frist 17.januar 2017. Odda kommune avviklar ikkje møte i valstyret (som er personidentisk med formannskapet) i denne perioden.

1. Etablering av beredskapsrutine i valforskrifta for røystemottak ved elektronisk avkryssing i manntalet vert sett på som eit heilt naudsynt tiltak for dei kommunane som har innført slikt mottak på valdagen.
2. Utsetting av frist for lovleg mottak av førehandsrøyster **frå kl. 21.00 på valdagen til kl. 17.00 dagen etter valdagen** vert støtta –inkl. tilsvarande utviding av frist for å søka deg inn i manntalet. Med denne forlenginga for mottak av godkjende førehandsrøyster vil ikkje valoppgjeret kunna avsluttast før etter kl 17.00 dagen etter valet. Fristen for mottak av valsetlar og anna dokumentasjon til fylkesvalstyret må då og forlengast.

Denne utvidinga vert sett på som ei direkte følgje av at tapet av gyldig mottekne men for seint framkome førehandsrøyster frå andre kommunar har vore aukande heller enn minkande, og i realiteten alltid har vore for stort på landsbasis. Målsettinga er klar: Alle rett mottekne førehandsrøyster skal telja med i oppgjeret

Venleg helsing

Ole Jørgen Jordahl
rådmann

Harald Jordal
kommunesekretær

Kopi : Formannskapet som Valstyre i Odda som melding
Arkivet ved Turid Nå

Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
	Innbetaling skatt: 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no